

Orienteringar

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Leiar for seksjon Forsking, internasjonalisering og analyse ved Regionalavdelinga, Kathrin Jakobsen, orienterte om HFK sitt arbeid med regional kompetansepolitikk og Kompetanseforum Hordaland. Bakgrunnen for arbeidet med regional kompetansepolitikk er OECD rapport frå 2014 som peikte på at Norge ikkje tilstrekkeleg gjorde det regionale folkevalde nivået ansvarleg for kompetansepolitikk. På bakgrunn av dette vedtok regjeringa ein nasjonal kompetansepolitisk strategi, og det vart satt i gang eit nasjonalt pilotprosjekt som var leia av Hordaland. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft i Hordaland skal bidra til betre balanse mellom tilbod og etterspurnad av kompetanse. Fagskular er viktige verktøy i arbeidet med regional kompetansepolitikk. Etter at regional plan for kompetanse og arbeidskraft vart vedteke av fylkestinget vart det etablert eit kompetanseforum i Hordaland. Rektor ved Fagskolen i Hordaland er med i Kompetanseforum Hordaland saman med rektorar frå andre høgare utdanningsinstitusjonar i Hordaland. NAV og Helse Bergen er også med i kompetanseforumet. Vidare er det etablert lokale kompetanseforum der lokalt arbeidsliv deltek, samt NAV og Karriere Hordaland.

Sluttrapport for fagskule i Vestland fylkeskommune

Fylkesdirektør opplæring, Bjørn Lyngedal orienterte om endringar i tilrådinga i sluttrapport for delprosjekt om fagskule i nye Vestland. Det vart også orientert om vidare prosess og handsaming av sluttrapporten og politiske saker.

Fagområdegodkjenning

Rektor orienterte om arbeidet med fagområdegodkjenning og institusjonsbesøk frå NOKUT i veke 38.

Anna

I samband med sak 36/19 vart administrasjonen beden om å lage ei oversikt over kven som har mynde jf. fagskulen sin forskrift.